

UNGDOMSLAGET

«FRIHUG»

1895 - 1995

Eit utdrag frå lagsoga

Innhald

Føreord
Samtalelaget / «Pratarlaget»
Ungdomslaget «Frihug» 1895 - 1995
Lagsarbeid i over 100 år
Krigssoga åt U.L. Frihug
Det norske flagget
Romsdalsnamnet
«Framsteg»
«Ljosvang»
Festar
Stemme
Barnelaget «B-gjengen»
Leikkurs
Praktiske kurs og tiltak
Skodespel
Andre lag i bygda
Arkivet
Æresmedlemmar i Frihug
Styremedlemmar i RU frå Frihug
Formenn i Frihug
Styret i Frihug 1995

Føreord

U.L. Frihug si søge fram til 1970 er i grove trekk skildra i «Den frilynde ungdomsrørsla i Romsdal» bind I og II.

I denne oversikta skal me gå litt djupare inn i laget si søge - i arbeid og fest - i gode og trange tider. Først må me då nemne «Samtalelaget» som i 1895 vedtok å starte ungdomslaget Frihug. Me skal høyre meir om dette laget.

Me er så heldige å ha alle møtebøker, kassabøker og avisa «Framsteg» som fortel oss om farne tider. Her er nok stoff å ta av, vansken er kva me skal ta med for ikkje å kome på vidda. Me vel ut stoffet etter beste evne. Dei som vil vite meir, finn bygdasoge mellom desse permene! Me gjer merksam på at det her blir mange rare ord og setningar, men dei er tekne ordrett ut av møtebøkene. Her er svenske, danske og norske ord. Det er ikkje så rart, me må hugse det var ikkje så enkelt å skulle gå over frå bokmål til landsmål - dei eldste hadde knapt nok folkeskulen. Frihug har vore ein kulturberar nedgjennom tida. Det er svært få av dei som har budd i bygda i kortare eller lengre tid som ikkje har vore innom laget på ein eller anna måte.

Som me skal sjå, var Lid og Frostad med i Frihug dei første åra. Lærer Olav Seljevold, som vikarerte i Øveraaskrinsen, var og formann i Frihug. Han såg vanskaner med dei store avstandane utan serleg vegsamband. Han vart lærar på Lid, og starta Tomrefjord U.L. 2. juledag i 1903. Han vart laget sin første formann. Me skildest som gode naboar, og Frihug fortsette som ungdomslag for Øveraas og Neraas - i same lei som det gamle Samtalelaget hadde gjort.

Anders Inge Neraas, 1995.

Samtalelaget

«Pratarlaget»

Referat frå det første bokførte møtet:

Aar 1894, den 30. desember, holttes møde i John A.L Øveraas' hus på Øveraas.

«Diskuteredes og forhandlede om opprettelse af en samtaleforening for Øveraas kreds, og inntegnedes 20 medlemmer. En forening ble saaledes stiftet, og til formand blev valgt John A.L. Øveraas. Til at utarbeide forslag til love for foreningen valgtes med formanden Anders A. Neraas (yngre) og Sivert A. Øveraas. Forslaget bliver at forelegge til første møte der avholdes den 13. januar i Hans P. Øveraas' hus på Øveraas. Til ordstyrer valgtes Kristen O. Lervaag.»

Alle som var på møtet hev skrive under møteboka. Det er triveleg å sjå namnetrekka til dei slitne arbeidsnevane deira. Berre nokre få lever i dag av dei som hev snakka med **dei yngste** av dei som har sett namnet sitt her. Me hev og medlemsliste der det er «inntegnede 39 menn og 4 kvinder. Medlemskontingent 5 øre - fem øre.» Ved å sjå i Bygdeboka kan me finne ut kvar desse budde i bygda vår. Det er utruleg kva dei fekk utført den korte tida før dei skifta namn frå **Samtalelaget** til **U.L. «Frihug»**.

Me skal her ta med ein del av det som vart drøfta og gjennomført:

Forslag fra Sivert A. Øveraas at all utgjerdsgaard skal være istandbringet til 10. mai.

Opparbeiding av vei fra Øveraas til Neraas.

Forslag fra Ole O. Vik Øveraassanden om veiopparbeiding fra Øveraas til Lervaagen.

Forslag fra Anders Neraas om at søge faa et Stoppested for Fjorddampskibene på Neraas. Enstemmig besluttedes: Søndmøre og Romsdals Dampskibsselskab bliver at ansøge om et Signalstoppested på Neraas snarest. (Kostnaden på dette var 10 øre.)

Forslag om indkjøb af parafin til medlemmene af laget. Det besluttedes indkjøbt en fustage snarest på billigste maade, og senere saa meget som behøves i aarets løb. Der anskaffes et litermaal for udmaalingen.

Anders A. Neraas (yngre) valgtes til at forestaa oljeaffæren. I følge rekning kosta fatet 21 kroner, pluss frakt og «ilandbringelse». Anders A. Neraas stod for utdeling av oljen til medlemmene for 12,5 øre pr. liter. (Det var nok begynnelsen til at han starta den første butikken i bygda.)

Start af Skytterlag. Der tegnedes på stedet 17 medlemmer.

Søknad om at få oppsette telefonlinje til vår bygd, med talestasjon i John A.L. Øveraas' hus på Øveraas og Andreas A. Neraas (yngre) på Neraas.

I Andersgara på Neraas hev me telefonkatalogen for heile Norges land i ein katalog. Der stend mellom anna kor du skal «bære dig ad for at tale i abaratet».

Vart opplese skriv frå Romsdals Amts Skovplantingsselskab om «konkurranse om skovplantingsfelt, stort 100 ar.»

Men det var ikkje berre praktiske ting som vart drøfta. Her var og kulturelle ting sett høgt, som opplesing frå blad og bøker, ordskifte og foredrag.

Forslag fra Lasse J. Øveraas om handskrive blad. Det fekk namnet «Fram» (vart seinare «Framsteg» i U.L. Frihug). Det vart opplese på neste møte.

Forslag fra Anders Andersen Neraas om at slaa sig sammen og tinge flere aviser. Følgende blad enedes man om at bestille: «Landmannsbladet» (ugeutgaven), og «Avisen». Besluttedes at bestille 3dje bind af Rolfsens lesebog (landsmaalsudgaven) for folkeskolen på Øveraas.

No var larar Bjarte Rekdal komen i laget. Han vart einstemmig kåra som æresmedlem (der sparte Rekdal seg 5 øre !).

Forslag fra Andreas A. Neraas om at anmode gaardbrugerne om at aabne sine hus til ungdommen at holde dans 2 ganger aarlig.

So kjem møte den 13. oktober, som vart halde i Sivert Andersen sitt hus på Øveraas:

1. Som ordstyrer valgtes Anders A. Neraas yngre.
4. Neste møde holdes 20de oktober på Øveraas, vor det bliver behandlet om oprettelse av et ungdomslag.

Det var sikkert første møte som vart halde på skulen. Dette møtet tek me med i si heilheit:

Aar 1895. den 20de oktober holdtes møde i Øveraaskredsens samtalelag på Øveraas.

1. Foredrag av lærer Bjarte Rekdal, vesentligst om hvorledes den oppvoksende slegt bør møde den kommende tid.

2. Forslag om opprettelse af et ungdomslag. **Beslutning: Et ungdomslag bliver at opprette** og tegnede på stedet 20 medlemmer. Det velges på stedet en komite til at underhandle med Lid kreds om sammenslutning om et ungdomslag. Valgt blev Andreas A. Neraas og Lasse Øveraas, og som suplianter valgtes John A.L. Øveraas og Anders Neraas yngre, som har at tiltre komiteen i tilfelde der ingen samenslutning bliver.

No startar U.L. Frihug si 100-årige soge.

Ungdomslaget «Frihug» 1895 - 1995.

Som det stend i føreorda, er Frihug så heldig å ha alle møtebøker og lagsaviser frå 1894 (1894 - 1895: «Pratarlagsprotokollen») til i dag, og me skal her i små utdrag få fram kva desse bøkene kan fortelje oss om kor ungdommen i bygda vår levde og virka i denne tida.

I Samtalelaget (Pratarlaget) vart det den 13. oktober 1895 semje om å skipe eit ungdomslag. Laget hadde allereie då lagsavisa Fram, som seinare vart Framsteg.

Bjarte Rekdal, som var stor-skulelærer for Øveraas, Lid og Frostad, held fram at det både i Lid og Frostad var stor interesse for å starte ungdomslag. Det vart vedteke og sende to mann for å høyre om dei ville vere med i laget, valt blei Lasse Øveraas og Anders Neraas. Den 3. november vart det halde møte i skulestova på Lid. Lovene for laget vart alt skrive, og Rekdal lova å skrive dei på landsmål. Det vart bestemt at laget skulle heite «Frihug», og første Styret vart valt: Bjarte Rekdal, formann, John A.L. Øveraas, nestformann, P. Vik, Andreas Neraas, Lasse Øveraas. Til kasserar vart valt P. Helset «med kåring», og likeeins Anders A. Neraas til bladstyrar for «Framsteg». John A.L. Øveraas og Bjarte Rekdal vart valt til utsendingar på første futerikemøte.

På neste møte sa formannen frå at han hadde bedd kasseraren om å kjøpe inn ny møtebok. «Det let på timen at laget likte dette, men det vart ikkje tid til å røda meir om dette, då John A.L. Øveraas løyste boka og ga laget den som gåve». Formannen vart pålagt å søke Vestnes heradstyre om å få bruke skulane til ungdomsmøte. Dette vart seinare imøtekomme.

No kom første festen og skodespelet i Frihug - 1895. Det vart vedteke at festen skulle haldast mellom jul og nyttår i huset hans P. Vik kl. 5 om ettermiddagen - og slutte når styret fann det for godt. «Der skal vera traktering med kveitebollar og kaffi, og leiga to gode spelemenn, oppføring av skodespelet «Ervingen». Mennene skal leggja 50, og kvinnone 30 øyror.» Skulemeisteren lova, forutan å hjelpe til med innøvinga av skodespelet, å halde songøvingar åt medlemmane.

Den 26. januar vart første møtet i Frostadkrinsen halde i skulestova. «Trass føret var leidt kom dei frå yste krinsen, og det i flokk og fylgje, so stova vart reint full.» Det vart vedteke å melde Frihug inn i futerikes-ungdomslaget. Ane Langset, som var ein høgt akta småskulelærer både i Lid og Frostad, gikk no på lærarstolen og las nokre morostykke av Hans Seland. Peder Vik las opp Framsteg.

Den 1. mars 1896 skulle det vere møte på Øveraas, «men då det vart so stygt veder, var det berre ei nokre frå bygda som møtte.»

Neste møte vart halde 12. april 1896. Der vart det mellom anna bestemt og opføre spelstykket «Ein laurdagskveld».

No var Frihug kome i godt gjenge med møte og festar på omgang i krinsane. Underhaldninga var foredrag, opplesing og ordskifte - frå ordskifta er det ofte skrive lange referat. I eit av dei

finn me t.d. at lærarinne Ane Langset «held fram at det ikkje er skadeleg eller jålete å bruke korsett - når ein brukar det på rette måten».

12. april 1896:

- Vedtak om at Frihug skulle sende skriv til dei ungdomslaga som var i gang i Vestnes med spørsmål om dei skulle feire 17. mai saman, eller om dei skulle feire kvar for seg.
- Forslag frå Gerhard Neraas om å take Flaggsaka, det reine norske flagget, opp til diskusjon.
- 1896, den 15. november, vart det bestemt at skodespelet «Ein laurdagskveld til støls» skulle spelast på festen i jula.

Det vart motteke 3 eksemplar av Grunnlovens historie av Ness frå futerikeforeninga. To vart utdelt til medlemmane.

• 31. oktober 1897:

Andreas Neraas innleide til ordskifte om dans. Etter ein diskusjon vart det røysta over om dansen skulle slutte klokka 12, eller om det skulle dansast heile natta. 21 røyster fann det heldigast å slutte klokka 12, 6 ville danse heile natta.

• 1898, den 15. juni. Sak 7:

«Samstundes vedteke å slutte seg til bøni frå Aasbygdi ungdomslag til skulestyret om at landsmålet måtte bli brukt til skrifsels både i barne- og ungdomsskulane.»

• 1899, den 4. april. Sak 1:

«Et andragene om bevilgning af børnebogsamling i hver kreds i herredet». Det vart ein lang diskusjon om dette. Eit innlegg lyder slik: «Det er så mange bøker og aviser å lese for bornene». Til dette vart det svara at ungdomsbøkene langt ifrå var skikka til å lesa for barn, dei hadde tvert imot skade av at dei las mange av dei, da dei for det meste handla om kjærleikshistorier. «De vekker tanker og forestillinger hjaa born, slike som helst skulle have ligget ubevist hjå dei til dei blei vaksne». Enden på diskusjonen blei at medlemmane skaut saman kroner 4,25 til «børneboksamling for Øveraaskrinsen». Denne diskusjonen viser klart korleis moralen var denne tida.

• 1899, den 24. juni, vart spelstykket «Formanskapsforhandlingar» oppført i skulestova på Øveraas. Deretter dans på låven hans John A.L. Øveraas. John Andreas hadde gjort stort arbeid med å ordne scena og ordne til på skulen.

• Aar 1900, søndag den 25. mars, vart det halde møte i ungdomslaget Frihug. Det var siste møtet saman med Lid.

Sak 3: «Vart einige om å byrja arbeide for å få opp eit ungdomshus på Furland soframnt me kunne få ungdomen i Åsbygdi med oss».

Sak 4: «Det vart paalagt formannen aa skrive aat formannen i ungdomslaget i Aasbygdi at han samankallar møte og skriv tilbake til Frihug um dei vil vere med elder ei».

Sak 5: «Det blei snakka om og halde ein basar og oppføre eit skodespel i paaskehelga til inntekt for huset».

Formannen opplyser på eit seinare møte at han ikkje hadde fått noko svar frå Aasbygdi, og skodespelet og basaren vart utsett. Det vart i staden bestemt å halde maskeradeball 3. påskedag.

På fleire møte finn me målsaka oppsett som diskusjonsemne. Fleirtalet held på landsmålet, men det var somme som sette seg på bakbeina og ikkje ville vite av «vadmålspråket».

- 1901, onsdagskvelden 3. nyttårsdag, held Frihug ungdomsfest i Andersgarda på Neraas, med pakkefest og skodespelet «Ervingen», som var spela for 6 år sidan.
- 1901, den 17. november: På dette møtet var det ein svært interassant diskusjon: «Kva skal me gjera fyr aa auke kjerleiken til heim og fedreland». Diskusjonen er referert med heile 2 sider i møteboka.
- 1903, den 26. april: Matias Vike, som no vikarerte som lærar i Øveraaskrinsen, og som blei ein kjent mann i Romsdals Ungdomssamlag, las eit stykke frå Hovden si bok «Odd». Han innleidde og til ordskifte om gamle skikkar, og fortalde om skikkar i andre bygder. Det vart snakka ein heil del om brudlaup og frierei, **men då det tok til å mørkne, måtte «Framsteg» opplesast**, og ordskiftet take til at seinare. Det vart bestemt at skodespelet «Den kjærleiken» skulle framsynast laurdagskvelden, om det var hus å få. Vart pålagt formannen å kjøpe inn 8 eksemplar av Seips sangbok.
- 1903, den 11. oktober. Sak 2: «Forslag fra Peder J. Øveraas om at velge 2 mend til at møte på Stokkeland og i tilfelde at byde paa meieriet dersom dei synes det går an. (Meieriet stod ved Lassegrova på Stokkeland). Beslutning til at møte paa Stokkeland den 26. oktober valgte Andreas A. Neraas og Johan J. Øveraas, og de har at komme med opplysninger paa neste møte om 3 uger».

På møte den 29. november er det ikkje nemnt noko om utfallet på Stokkeland.

Sak 1: «Til behandling hadde vi to spørsmål fra Romsdal ungdomssamlag (Romsdal futerike) om forholdet til Noregs ungdomslag og forhøyelse av kontingenten til samlaget. Beslutning: U.L. Frihug finder det ikke heldigt at Romsdal ungdomssamlag melder sig ut av organisasjonen Noregs ungdomslag.

Sak 2: Laget går med på forhøyelse av kontingenten dersom samlaget finder det **apselut** påkrevet, fra 10 til 15 øre pr. medlem».

Møte i Frihug vart opna på Øveraas skule den 16. desember 1903 med songen «Mitt aller første kongeord». Vart einige om å framføre skodespelet «Meinhøve», og halde pakkefest. Vart vedteke at det som er innkome til ungdomshus i Øveraaskrinsen vert å føre i eige rekneskap. Kassastyraren fører begge rekneskaperne».

- 1904, sundagen 31. januar, på Øveraas.

Sak 1: «Vedteke å halde alle møte i Øveraaskrinsen.

Sak 2: Etter oppfordring fra lærar Matias Vike vart ein komite valgt til å få i stand ein basar, fest eller inkvart anna til fyrdel fyr dei brandlidde i Aalesund».

Møte i Frihug vart halde på Øveraas den 6. mars 1904.

Sak 2: «Ein oppfordring fra Tomrefjordens ungdomslag om ungdomslaget Frihug vilde vere med og bygge hus ilag med dei. Beslutning: Ungdomslaget kan ikkje svare noko bestemt no, men fyesler at når kvart lag har samla inn kr. 500,00, femhundre kroner, so fær laga underhandle nermere herom».

Møte i ungdomslaget Frihug 8. mai på Øveraas skolehus. Til forhandling forelå:

Sak 1: Inkjøb af bøger til lagets bogsamling. Man enedes om ikke at inkjøbe flere bøger nu, men lade de disponible midler gå til byggefondet.

Sak 2: Valg af en disputert til ungdomsstemnet paa Molde i juni. Valgt blev Tore Sesbøe. Til slutt leg.

Her er det første gongen me ser at det er leik attpå eit ungdomsmøte. Lærar Sesbøe har leidd berre eine møtet, og har og skrive møteboka, som me ser på stivt bokmål. Lærar Sesbøe vart sjuk og måtte slutte som lærar.

- 1905, søndag 12. mars: «Vart vedteke om å få spelestykket «Ei hugvending» i påska og pakkefest». Inngangspengar for medlemmane var 30 øre, for ikkje-medlemmar 35. Spelpengane var 50 øre.

Frihug si vidare søge set me opp i forskjellige bolkar, som me skal sjå etter kvart.

Lagsarbeid i over 100 år.

I ungdomslaget fekk ein lære seg å leie møte og festar, delta i ordskifte, vere ordstyrar, skrive møteboka og skrive eit stykke i Framsteg om aktuelle ting. Ein lærde seg å presentere ein festtalar på ein lun måte, fortelje kvar han var frå, om han var professor eller feiar - skape kontakt mellom talar og festlyd. Som ordstyrar måtte ein lære å passe på at deltakarane held seg til sak, og skilde mellom sak og person.

Møteboka skulle opplesast på kvart møte. Det er fleire gonger innført merknader som tyder på at medlemmane fylgde med at møta var rett refererte. Og ikkje å forgløyme Framsteg! Som redaktør hadde ein fullt ansvar for innhaldet. Som redaktør og ordstyrar måtte ein bestandig entre talarstolen, ellers måtte ein reise seg når ein hadde ordet - med andre ord: ein fekk lære seg sed og skikk. Det er nok mange som har sendt Frihug ein varm tanke når dei skulle snakke i større forsamlingar seinare.

Møta tok alltid til med sang, og som oftast slutta dei med sang og folkeviseleik. Programmet på møta er nokså likt heilt fram til 1970-åra, men hadde nok fått ei litt anna form etter krigen. I dei siste åra blir det som regel sete rundt småbord og prata når ein finn det for godt.

«Tidene forandrer sig, og vi med dem», sa ho gamle Marte Neraas.

Det er stor forskjell på å sete på ein gammal trebenk og aktivt delta i det som føregjeng, mot som når me i dag set eller ligg i ein god putestol laga i Japan, og glirer bort i «langsynskåpa», som står der med ein stor kinesisk blomsteroppsats på toppen. **Der** får me skule og kultur i dag! Der får me sjå korleis ein «debatt», som det heiter i dag, skal foregå!

Alle veit at eit ungdomslag i dag ikkje kan drivast som det vart gjort for 100 år sidan. Den oppveksande slekt i dag har skular der dei skriv engelsk like godt som det vart skrive norsk i gamle dagar - og det før dei er så gamle at dei kan vere med i ungdomslaget. Ungdomslaga er ikkje lenger skulemeistrar.

Kulturen kan det vere delte meininger om. Trass den rivande utviklinga på alle frontar, har Frihug halde seg «på jorda». Dei har makta å ta vare på noko av den gamle tradisjonen med å hjelpe seg sjølv - ikkje berre sete med hendene i fanget og vente på hjelp og offentleg støtte. Slik har det vore heilt frå dei gamle med plikt og dugnad arbeidde vegar til bygda, til Frihug i seinare tid søkte Vestnes formannskap om å få sette opp «gatelys» i bygda. Bygdafolket slo seg saman om å kjøpe lyktene, Magnar Holm, som var linjemontør, sette dei opp heilt gratis. Samarbeidet i U.L. Frihug har vore med på å skape god kontakt mellom unge og eldre i bygda.

Krigssoga åt U.L. Frihug

50 år er gått sidan krigen slutta, og me ser i presse og fjernsyn folk som minnest krigen.

Me skal her fylgja U.L. Frihug sine møtebøker og sjå kva dei fortel om den vanskelege tida.

U.L. Frihug, som i år kan feire 100-årsdag, er så heldig å ha alle møtebøker og lagsaviser oppbevart - heilt frå 1894, då Samtalelaget skipa U.L. Frihug, den 13. oktober 1895. So utførleg og omfattande som bøkene er skrivne, har bygda eit godt utgangspunkt om det ein gong blir skrive bygdasoge.

Merkeleg nok fekk Frihug og dei andre ungdomslaga leve i «fred» til i februar 1942. No blir møteboka meir kortfatta - «den som skriv eller talar mot vernemakta blir skutt».

Me let møteboka fortelje:

«Den tradisjonelle morsfesten vart halden den 8.2.1942. Det var godt frammøte, og ein vellukka fest. Men so kom varslet frå det nye NS-styret i Noregs Ungdomslag om kva me hadde å gjera.

Styret i Frihug var då: Peder I. Neraas, formann, Sivert A. Øveraas, nestformann, Hildur Øveraas, Anders A. Øveraas og Anders Inge Neraas. Styret var godt underretta, og visste kva som skulle komme. «Jungeltelefonen» gjekk mellom laga i Vestnes og Tresfjord, og dei vart einige om at styret, eller utsending frå kvart lag, skulle møtast på Vestnes Hotell. Anne Øveraas, som då åtte hotellet, var nok ein god «ambassadør» her.

Eg hugsar vi møttest i tingsalen i kjellaren på hotellet seint ein kveld. Peder I. Neraas, Sivert A. Øveraas og eg gjekk på ski over Aasfjellet. Datoen hugser eg ikkje, for det var då ingenting «å skrive heim om». Møtet var kort, for frøken Øveraas hadde fått andre gjester oppe i hotellet! Alle som ein som var på møtet, vart einige om å legge ned laga, og kvar for seg sende brev om dette til Romsdals Ungdomssamlag. (Er det nokon som les dette som var med på møtet, så ta kontakt med Frihug.)

So kjem styremøte den 13.2.1942:

Vedtak: Styret går av.

Me er valt på årsmøtet etter laget sine lover, og kan ikkje stå som styre lenger etter dei nye lovene som er komne åt laget frå Noregs Ungdomslag.

No let me Møteboka fortelje ordrett kva som vart førehavt:

Møte søndag 10.3.1942: Song: Gud signe vårt dyre fedreland. Formannen las opp dei nye lovene som var komne gjennom «Norsk Ungdom» (medlemsbladet), og sa ifra at styret ville gå av, grunna dei nye lovene. Me er valde på årsmøtet etter Frihug sine lover. Alle medlemmane i laget sa frå at dei ikkje lenger ville vere med i laget under slike omstende. Dermed vart laget nedlagd og huset stengd frå den 10.3.1942. Til slutt song: Ja, vi elsker. Sjeldan har vel ein ungdomsflokk sunge fedrelandssongen med slike kjensler i den vesle bygda vår.

Styret hadde på førehand tinga med Olav A. Neraas om leige av Ljosvang, og han passa og heldt vedlike huset heilt til krigen var slutt. Han fekk ikkje blomster og store oppslag i pressa, men i lagsavisa Framsteg og i møteboka «stend merket om mannen han stuper».

So kom freden,

og styremøte vart halde 10.5.1945. Då vart det vedteke å få Frihug i gang etter sitt gamle gjenge, og ungdomsmøte vart halde den 24. juni 1945:

Formannen las opp skrivet som var sendt til Romsdals Ungdomslag i 1942. Styret vart einstemmig bedt om å stå ut året. Møtet vart kort, då det same kveld skulle vere fest for kaptein Karl Hjelvik, som nett var kommen heim frå England. (Innteke i VestnesAvisa og Romsdals Budstikke våren 1995.)

Det norske flagget.

Den 19. februar 1922 overrekte formannen for det gamle Samtalelaget, John A.L. Øveraas, laget sitt gamle, reine, norske flagg til formannen i Frihug, og fortalde om flaggets historie. Det var kjøpt av Lervåggarden, dei 4 gardane på Øveraas og dei 2 gardane på Neraas. Flagget var første gong brukt 17. mai 1872, på ein fest som vart halden hjå John A. Øveraas. Flaggstanga var ei skåte som dei flekte borken av. Den var reist neda gamleskulen, nesten i byte med Hans Pedersen Øveraas. Ho var også reist på same stad 17. mai 1905.

Som me ser var bygda tidleg ute. Det reine, norske flagget var godkjent først i 1898.

Hans P. Øveraas fortel til Romsdals Budstikke i februar 1995 (om 8. mai 1945):

«Me hadde ikkje flaggstang, men me tok ei lang skåte og sette ho attmed staburet, ikkje langt frå den gamle flaggstangplassen». (Sjå bygdeboka side 92.)

Den gongen vart det ikkje forlangt pengar for å heise det norske flagg!

Romsdalsnamnet.

Romsdalsnamnet var den største merkesaka i Romsdals Ungdomssamlag og laga rundt om i Romsdal hadde i tjue- og trettiåra.

I 1918 gjorde Stortinget ein stor «barnedåp» i norsk styringsverk - då vart Romsdals amt omdøypd til Møre fylke, ved lov frå 14. august 1918. Lova galdt frå 1. januar 1919.

Det var ikkje rart romsdølene vart misnøgde med namnebyttet. Namnet hadde vore Romsdals amt heilt frå 1617.

På årsmøtet i RU i 1924 la formannen, Peder Vik, fram tanken om å få Romsdal med i fylkesnamnet. Det vart nedsett ei nemnd til å arbeide vidare med saka, med Peder Vik som formann. Nils Øveraas, og fleire kjende menn i Romsdal, gjorde her eit godt opplysningsarbeid om romsdalsnamnet heime og ute. I 1927 sende Nils Øveraas ut ei utgreiing om romsdalsnamnet. I 1930 kom ei utgreiing av professor Seip.

Merke på kor hard denne namnestriden var, finn me i møteboka den 4. desember 1924: «Etter det svar Sunnmøre frilynte ungdomslag gav RU på spurnad om og stydja RU i kravet om å få Romsdal inn i fylkesnamnet, fråber me oss å få formannen i Sunnmøre fr.ul., som me no ser skal reise rundt og tale til romsdalsungdomen. Likeeins vil me vona at RU finn andre talarar til å reise rundt i laga». Dette vart sendt RU - mot ei røyst.

Arbeidet vart til slutt krona med hell. 7. juni 1930 vedtok fylkestinget at Romsdal skulle komme med i fylkesnamnet. Dette vekte stor glede i Romsdal. I bygda vår gjekk flagga til topps då meldinga kom, og det vart straks sett i gang førebuingar til fest same kvelden. Det

vart sendt bod til utskiftingsformann Peder Vik, som også no var formann i RU. Han var på utskifting på Kjellnesa. Nils Øveraas kom siglande med sin eigen båt over Romsdalsfjorden frå Molde. Denne festen stend det ikkje noko om i møteboka, - det var vel ikkje tid til noko møtevedtak.

Eg var formann i Frihug, og hugsar denne festen godt. Den byrja med Romsdalssongen av Ola Bårdsnes: «Raumariket frå gammalt av, romsdøler aldri deg gløymer». Formannen ynskte bygdafolket, og særleg dei to høvdingane, Peder Vik og Nils Øveraas, velkomne: «Det er historisk og gledeleg å ha dykk i salen på Ljosvang i kveld». Skal tru kva dei tenkte då dei såg ROMSDAL skrive med einekvistar over kateteret?

Mellom dei som hadde ordet var Peder Vik, Nils Øveraas og Ole P. Misund. Ole Misund held ein serdeles god tale. Eg hugsar godt kor han begynte: «I heite Ole Misund, og det stend det på alle mine papir og dokument. I er stolt tå namna mine, og i ha vorte rasandes harm viss nokkon ville ta det frå me».

Me hadde ikkje greidd å få tak i musikk til festen, men Anne Øveraas ordna dette. Ho tok med seg gramofonen med den store tuten. Han stod på eit lite bord ved sida av kateteret (talarstolen), og Romsdalsspringar og bruramarsj av Petter Rypdal lydde gjennom salen. Romsdalsnamnet var i havn, men striden var ikkje slutt.

«Hva skal barnet hete?» Skulle det vere Romsdal og Mørene? Romsdal og Mørane? Mørane og Romsdal? eller Møre og Romsdal? Romsdalsnamnet var i alle tilfelle berga i fylkesnamnet - slik det stod over kateteret på Ljosvang festkvelden 1930.

Dette vart vedteke i Odelstinget den 13. mai 1935, og den 20. mai 1935 vart det endeleg vedteke i Lagtinget. Gjeldande frå 1. juli 1935.

Striden er kanskje endå ikkje slutt? Kvifor skal bispedømet vårt heite Møre bispedøme?

Meir om striden om Romsdalsnamnet i 75-årsskriftet for Romsdal ungdomssamlag av Eirik Moen.

«Framsteg».

Den 3. juli 1895: «Forslag frå Lasse Øveraas om opprettelse af et håndskrevet blad for foreingen. Enstemmig besluttes opprettet et håndskrevet blad til opplesning for medlemmerne, og skal hede FRAM». Bladet kom ut med 4 nummer i den korte tida før det blei forandra til FRAMSTEG, den 3. november 1895.

Det er svært få festar og møte heilt fram til 80-åra, der Framsteg ikkje har vore med på programmet. I den seinare tid ser me ho mest på festar.

Frå gamalt av var det ein fast regel at ein av styret skulle sjå gjennom avisa før ho vart opplesa. Ein gong i 40-åra finn me at styret har fjerna eit blad på grunn av uhøveleg stoff. Det er nok det einaste bladet som er vekk - både i Framsteg og i møtebøkene.

Gode, gamle Framsteg! Du hev i alle desse åra tolka kjærleik, sorg, glede, motgang og medgang, men du har også ofte teke opp ting som var gale, og som burde rettast på. Måtte du for framtida i visse høve bli brukt - og teke godt vare på! Her ligg mange gullkorn mellom permene dine. I denne oversikta har me ikkje teke med noko av «diktverket» ditt. Her er historisk stoff til ei heil bok.

«Ljosvang».

Det første me høyrer om eige hus for Frihug, er på møte i skulestova på Øveraas den 6. desember 1903, der kasseraren vart pålagt å føre rekneskap for det som kom inn til eige hus. Men først den 28. februar 1916 vart det godkjent kjøp av eit jordstykke av Rasmus Neraas for kr. 80,00 + skylddeling og tinglysing.

Etter forslag frå Pernille Øveraas vart heimen kalla «LJOSVANG», - mot tre stemmer. Den 12. mai 1918 vart det bestemt å starte og rydde på Ljosvang klokka 7 om morgonen den 17. mai. På møte den 16. mai 1920 vart kasseraren pålagt å kjøpe 20 tynner sement på billegaste måte. Det vart lånt kr. 1000 i Vestnes sparebank til glas, dører og papp på taket.

ARBEIDET VAR I GANG!

Dugnadsarbeidet var godt organisert, dei som hadde teikna seg for arbeid visste når dei skulle møte. Anders Neraas, Peder H. Øveraas og Olav Neraas arbeidde no ein heil månad i trekk. Tomta vart graven ut med hakke og spade, all sand vart køyrd med hest og vogn, og all masse vart blanda med handmakt. Arbeidstimane er oppført i eiga bok.

FØRSTE MØTE UNDER EIGE TAK

vart halde 15. desember 1921. Anders Neraas takka arbeidskameratane for godt arbeid. Husstyre for Ljosvang vart vald: P.H. Øveraas og Olav Neraas. Formann i Frihug er sjølvskreven medlem i husstyret.

På møtet vart det vedteke «å bjoda inn bygdafolket til juletefest 2. juledag».

Den festen hugsar eg godt. Det store juletreet og den store salen - det er noko heilt anna enn me var vant til frå gamleskulen. Men - her er det ikkje det me hugsar det skal skrivast om, men om det møtebøkene fortel. Dei fortel oss om alle festar og møte som har vore haldne på Ljosvang, og om programmet på dei, - noko det ville føre alt for langt å ta med her.

Innviingsfesten for Ljosvang vart halden 17. april 1922, men Ljosvang var ikkje ferdig. Det skulle bli mange dugnadstimar dei komande åra. Dei store, høge murane skulle pussast, trapp skulle støypast, elektrisk lys (som kom no) skulle installerast - og så kom vedlikehaldet!

Eit døme på kor vedlikehaldet føregjekk: Pappen på taket var nok ikkje av beste kvalitet, og måtte ofte smørjast med steinkoltjøre. Den 27. juni 1928 set styret fram forslag for laget om kjøp av «1 rull papp, 2 pakker pappspikar, 5 liter tran, 3 kg. oker og en tønne sement, og å leie en mann å pusse så langt sementen rekker».

I 1931 vart det lagt heilt ny papp, men då av betre kvalitet. I denne tida vart det og bygd uthus.

Gamle Ljosvang var bygda si storstove i 20 år.

NY TID.

No kom det ei ny tid.

Den 20. mars 1946 kom det forslag frå husstyret om å bygge på Ljosvang.

Den 29. januar 1947 kjøpte Frihug Myrstad, br.nr. 32, av Arthur Øveraas for kr. 1500,-. Dette stykket låg heilt i byte med Ljosvang, og var godt egna som idrettsplass.

Den 23. april 1949 la H.P. Øveraas og Olav Neraas fram teikninga, som vart godkjent. Husstyret vart pålagt å ordne med lån i Vestnes Sparebank på kr. 10.000,-.

På møte den 8. juli i 1951 skriv skrivaren i Frihug slik: «Etter som det berre var få lagslemar som hadde møtt fram då denne viktige saka skulle avgjerast, kjende me ansvaret så mykje tyngre. Det vart samrøystes vedteke å bygja etter dei første teikningane. Stunda var høgtidssam for dei som var til stades. Ein hadde liksom føling av at ein tok farvel med gode, gamle Ljosvang, som i så mange år hadde tent som samlingsstad for folket i bygda vår. Ungdomslaget gjeng ei ny tid i møte».

Denne møteboka er underskriven av alle som var på møtet: Olav Neraas, Toralf Engås, Sivert Øveraas, Ole S. Øveraas, Hildur Øveraas, Mary Øveraas, Anders Inge Neraas.

Og så var arbeidet på det nye Ljosvang i full gang.

Frihug fekk ei tyske-brakke i gåve frå Anna og Iver O. Øveraas, som det vart brukt ein del av til huset. Det var og tale om å selje gamle Ljosvang, og ta i bruk ei av dei tyske brakkene der ho stod. P.A. Neraas, Olav Neraas, Toralf Engås og Arnljot Nerås vart leigd som bygningsmenn, men her vart ikkje alle arbeidstimane oppført. All grovmateriell vart gjeven av gardbrukarane i bygda. Mangla det forskjellig «småtteri», hadde Sivert Øveraas skog i Røtbakken, og Ole Øveraas og Anders Inge Neraas hadde sag, så arbeidet gjekk fort unna.

Den 15. mars 1952 kunne bygdefolket samlast til fest på det nye Ljosvang!

Men huset var ikkje ferdig med dette. Ljosvang 2, som Ljosvang 1 var tekt med papp. Etter nokre år vart det lagt eternitt på taket - tilskore med handsag, og utan maske! Då det i 1994 vart lagt nytt ståltak, måtte Frihug leige to fagmenn - med maske - for å rive taket. Resten av arbeidet vart gjort på dugnad.

Når me ser på alt arbeidet som er gjort - frå Karsten Kjersem i 1952 måla kulisser til scena, og fram til slik huset stend i dag - i tipp topp stand, og med tilbygd klosett, er meste av dette gjort i seinare år. Her er gjort mange dugnadstimar, som stend i boka.

I 75-årsskriftet til den frilynde ungdomsrørsla i Romsdal stend mellom anna: «Frihug og bygda er nesten eitt. Vert det gjort noko bra, får laget ros. Vert det gjort noko mindre bra, får laget støyten».

Me synest årsmeldinga for 1994 er fin. Etter at huset hadde fått nytt tak, skriv styret m.a.: «Me takkar bygdafolk for at ungdomshuset har den standard det har i dag. Eit hus me er stolte av. Takk til alle som hjelpte oss med dugnad og pengar!». Vidare les me: «Pengar i bank og kasse: 22 254 kroner». Det ser bra ut til laget skal rusle inn i år 2000.

I første 30-årsskriftet til Romsdal Ungdomssamlag stend det: «Ved å lage ein hage, og gjere ungdomsgarden til den venaste i bygda, hev me meint å kunne fremja sansen for det vakre - og på den måten gjere vårt til at det vert triveleg å bu her».

Frihug blir aldri arbeidslaus!

Me vil håpe at ungdomen også i framtida vil eige og rå i sitt eige hus.

Festar.

Festar i Nygjera.

Som me ser var festane haldne rundt på gardane i den eldste tida, men etter 1914 var festar og møte haldne i Nygjera (Nygjerdet), Ljosheim, som heimen til Andreas J. Øveraas heitte. Han var sadelmakar, og vart kalla berre Salmakaren i dagleg tale. Han var ein ivrig ungdomslagsmann. Me kan ikkje komme inn på alle festar nedgjennom tida, men me tek utdrag frå nokre som er haldne i forskjellige tidsbolkar.

Den 10. januar 1920 var det pakkefest på Ljosheim. Festtalen vart halden av lærar Bjarte Rekdal, som no var på kjente trakter. Han sa mellom anna at han alltid hadde hatt til overs for denne krinsen sidan han var lærar her, og var med og starta Frihug. Anders Øveraas takka Rekdal for det han hadde gjort for Frihug, og las opp Framsteg.

Det er freistande å ta med utdrag frå den, men Framsteg ligg trygt i arkivet, og kan fortelje oss om farne tider.

Korgauksjonen vart sett i gang, og etter ei matøkt fekk festlyden seg ein svingom til klokka 4. Både gamle og unge var møtt fram, og ein heil flokk frå Tomrefjord og Åsbygda. Her måtte det bli trangt på dansegolvet!

Fest på gamle Ljosvang.

No kunne laget feste i eige hus, og den 14. oktober 1928 hadde laget Leif Erikson-fest. Dei hadde bedd inn alle heimvendte norskamerikanarar i bygda. Nils Øveraas fortalde frå Erik Raudes saga, og om oppdaginga av Grønland og Amerika. Anders Øveraas heldt tale for norskamerikanarane som var innbedne. Han sa mellom anna at over 30 ungdommar i denne grenda reiste til Amerika. Den første som reiste var han Peder der Sjø. Han reiste i 1871. Berre 5 er komne heim att til gamlelandet. 4 av dei set i salen i kveld: Nils der Inn, Iver på Haua, Rasmus i Lervågja og Anne der Sjø. Kristin i Lervågja var død.

Fleire fortalde frå USA, om arbeid og heimlengt der borte. Nils Øveraas takka for den æra som var synt dei. Til slutt held Bjarte Rekdal, son til Bjarte Rekdal, ein kort tale.

Leiken gjekk med liv og lyst, dei gamle var med like so vel som dei unge.

(I bygdeboka står kvar dei 30 som reiste til Amerika var ifrå.)

Historisk juletefest i 1953.

Me tek her med eit utdrag frå festen: Festsalen var fullsett då formannen i Frihug ønskte velkommen. Dagny Bjørnaraa, kona til Nils Øveraas, hadde gitt eit maleri av han som skulle avdukast. I den anledningen var det innbedne ein del serskilte gjester. Vestnes mannskor møtte fram og underheldt med fin sang. Lensmann Kårvåg hadde fått i oppdrag å overrekke maleriet. Han heldt ei fin tale, - og det var stille i salen då maleriet vart avduka. Formannen, Ole Øveraas, takka for gáva, og sa mellom anna at laget ville minnast Nils Øveraas med vyrndad og takksemnd. Etter gang rundt juletreet og ein matpause, las Einar Øveraas jr. (ordførar i Molde 1995), ei helsing frå Dagny Bjørnaraa Øveraas. Utskiftingsformann Peder Vik tala om Nils, om etta og heimegarden, og takka for samarbeidet i Romsdal ungdomssamlag. A.I. Neraas takka frå bygda, og sa m.a. at tapet av Nils Øveraas var nok størst for vår eiga vesle bygd. Formann takka for ein hyggeleg kveld. Til slutt sang: «At far min kunne gjera».

Fest på nye Ljosvang.

Innviingsfesten var den 15. mars 1952. No kunne Frihug feste i nytt hus med flott scene. Det hadde laget sakna i alle år. Her syner me til leikfesten som vart halden den 17. desember 1957, der 100 leikarar var gjester.

Barnelaget.

«B-gjengen» som det vart kalla.

I årsmøteprotokollen frå 1975 står det: «Eit av dei beste tiltaka Frihug har hatt kan vel seiast å vere Barnelaget, som har halde på i nokre månader. Laget har no vore i gang utan styre, og vi vart samde om å velje eit. Barnelaget skal meldast inn i Noregs ungdomslag. Medlemspengar fastsett til kr. 5,-. Til styre vart valt: Torill Grønningseter, formann., Borgny Engås, Ole Karsten Sanden, Artur Øveraas jr., Ole Øveraas.»

Når det gjeld barnelagsarbeidet må me serskilt nemna Borgny Engås og Turid Roksvåg. Dei har lagt ned eit stor arbeid her. Laget hadde på det meste 30 medlemmar.

Stemne.

1966 og 1969 var Frihug arrangør for Romsdalsstemnet.

Desse stemna var ei oppleving for bygda vår. Her var ungdom frå heile Romsdal samla. Frihug synte fram spelstykke med egne krefter. I møteboka finn me referat og bilete frå begge stemna, og rosande ord frå Sunnmørsposten, Romsdals Budstikke og Unge Romsdal.

I 1980, 7. - 8. juni, hadde laget barnestemne for RU, som det fekk stor ros for i pressa.

Leikkurs.

Det første me høyrer om leik i Romsdal futerike er i ei årsmelding til Fiksdal u.l. i 1902. Der stend mellom anna: «Mødernes mest centrale del, synes at være legen der er drevet regelmessig ved hvert møde, og ofte kan ha inntatt over det halve av tiden».

Det første leikkurset vart truleg halde på Sekken i 1907.

Det heiter vidare: Anders Øveraas var tidleg ute, og på leikskeid i ul-Symra, Molde, i 1910 vart kurset leia av sersjant Øveraas frå Neraas. Han var på leikkurset Hulda Garborg held i Ivar Aasen i Aalesund i 1908. Ho tok med seg heile leikarringen til Færøyane.

Anders Øveraas kom heim i 1914 (som me høyrer meir om i denne oversikta). Det er ikkje rart at leiken gjekk med liv og lyst i Nygjera hos Salmakaren - Ormen Lange, Kråkevisa, Bendik og Årolilja på ekte færøyisk vis.

I 1928 finn me første leikkurset i Frihug.

Lærarar på leikkursa har vore desse:

Mali Furunes 3 kurs

Gunnar Rødal 3 kurs

Per Berge

Marta Østeraas

Gudrun Neraas

Else Johanne Nerheim - barnekurs

Høgdepunkta for desse kursa var nok leikfesten som vart halden 14. desember 1957. Det var innbudne leikarar frå Måndalen, Vikebukt, Daugstad og Tresfjord u.l. - ca. 100 gjester. Skrivaren i RU var og til stades. «Det var ei leikmønstring og ei oppleving for ungdomslaget vårt» stend det i møteboka. Marta Østeraas skriv i rosande ord om denne leikfesten i Norsk Ungdom.

Laget har og hatt eigen leikarring. Dei hadde mellom anna framsyning på morsfesten i 1931.

Folkeviseleik har hatt ein stor plass i laget vårt - heilt frå møte den 68. mai 1904, der det stend: «Til slut leg», og til møte den 30. april 1965, der det stend: «Til slutt dansa vi».

Praktiske kurs og tiltak - nokre døme frå aktiviteten i laget.

I tida frå 1930 til 1940 hadde laget 2 snekkarkurs og 1 korgbindarkurs.

På snekkerkursa vart det laga nyttige og fine ting - frå høvelbenkar og kjøkenbord til fine skåp og stolar. Jon Stenødegård var lærar på begge kursa - med 13 elevar.

På korgbindarkurset fekk ein lære og binde korger av pil og av spon. Alle kursa var på 8 veker. Harald Sekkenes frå Sekken var lærar.

Skogsbær-laget.

Av andre praktiske tiltak må me nemne Skogsbærlaget, som vart starta i 1932. Dette laget leverte blåbær til England. Olav A. Neraas var vald til å ta i mot bæra. I rekneskapsboka finn me oppført antal korger, pris og dei som har levert bær. Her er namn frå Furland, Ny Jord og frå heile bygda. Rekneskapet er framlagt og revidert.

Bokring.

I 1930-åra slo medlemmane i Frihug seg saman i bokring. Dei betalte 5 kroner kvar, og kjøpte inn gode bøker. Bøkene gjekk på omgang, ein fekk lese 10 - 12 bøker for 5 kroner. Til slutt vart det trekt lodd mellom medlemmane i bokringen om kven som skulle få bøkene til odel og eige.

«Kven veit?»

Spørjetevling arrangert av RU og NU. Frihug har vore med i denne tevlinga sidan den starta og til i dag. Høgdepunktet var i 1968, då Inge Engås, Guttorm Kjelsvik og Per Arne Nerås tok 2. premie i landsfinalen i Noregs Ungdomslag. For denne bragden fekk Frihug eit lysbileteapparat i premie.

Skodespel.

Heilt frå gammalt av har folk likt å spele teater, og alt første året Frihug var skipa kom første skodespelet - og til gledskap for folk i bygda.

«**Ervingen**» vart spela i huset hans Peder Vik mellom jul og nyttår 1895. Spelarar var: Lasse J. Øveraas, Andreas A. Neraas, P. Vik, Marta Sørensdatter Øveraas, Marie Gjelsten og Mona Frostad.

«**Ein laurdagskveld til støls**». Spela i jula 1896. Spelarar var: Johanne Kjelbotten, Beret Vik, Marta Sørensdatter Øveraas, Marie Gjelsten og Mons Frostad.

«**Formandskapsforhandlinger**». Spela 24. juli 1899. Spelarar: Amdreas A. Neraas, Ingvald Øveraas, Anders Øveraas og Olav Seljevold.

«**Hugvending**». Spela på pakkefesten 2. nyttårsdag 1900. Her finn me ikkje spelarar. Inngangspengar 30 øre for gutar og 15 øre for jenter. Pakkene modtages av Nils J. Øveraas. Svingom på låven hans John A.L. Øveraas, og «festen holdtes i Hans Pedersen sitt hus på Øveraas».

«**Ervingen**» som var spela for 6 år sidan, vart no innøvd på nytt, og spela i Andersgara på Neraas 3. nyttårsdag 1901. Spelarar: Ingvald Øveraas, Andreas Neraas, Anders Øveraas, Nils Øveraas, Pernille Øveraas og Karen Neraas. Etterpå pakkefest og dans.

«**Jan Anders og Lars Anders**» vart spela i røykestova Der Sjø 3. juledag 1910. Her er ikkje bokført kven som spela, men Pernille Øveraas, som sjølv var med, fortalde kven andre som var med: Peder Hjelvik, Peder J. Øveraas, Anna Sigersset og Andreas M. Neraas (Andreas på Hjella). Fleire kan me ikkje med sikkerheit hugse ho fortalde om.

No tok Frihug lang pause, og det ser ut som om interessa for laget var tapt. Men når me veit kor sårbar ei lita bygd er når ungdomen reiser vekk, så har me eit godt døme på det her. Mange av dei beste kreftene i Frihug reiste bort.

Anders Øveraas reiste til Ålesund og var i politiet. Pernille Øveraas starta systue i Ålesund. Ingvald Øveraas og Anne Øveraas reiste til Amerika. Anders Neraas arbeidde på Aalesund. Mekaniske Verksted, Matias M. Neraas gjekk på lærarskulen, og Johan O. Øveraas låg på senga i mange år.

Så kom 1914.

Anders Øveraas var no komen heim, og han kalla saman til ungdomsmøte på skulen. Det teikna seg straks 20 medlemmar, og Frihug var på nytt i gang. Den 31. oktober 1915 vart det vedteke at laget skulle øve inn på nytt spelstykket «**Jan Anders og Lars Anders**», og spela det på Vestnes til inntekt for gamleheimen. Frihug har og halde to basarar til inntekt for gamleheimen i denne tida.

I tida frå 1917 til 1920 vart det innøvd 2 spelstykke, men det var vanskeleg å få hus, så dei vart ikkje framført. Neste spelstykke finn me først i 1930. Då hadde Frihug fått seg jord og hus, men scene hadde me ikkje. Dette vart likevel ordna på ein praktisk måte: Trebenkane, som var laga for å sete på den gongen, var akkurat parsle høge til å bruke til underlag for scena. So vart det lagt plankar oppå til dekke. Avstanden mellom plankane var slik at ein kvinnfolkhel ikkje kunne gå gjennom. Til mindre materiell som vart brukt, til mindre vart det å kaste ut gjennom glaset når salen skulle ryddast til dans.

«**På leikvollen**». Den 17. mai 1930 vart spelstykket framsynt for barn og vaksne. Dei spelande var: Rasmus Lervaag, Einara Lervaag, Andreas R. Neraas, Gjertrud Langstein, Inga Kongselv og Anders Inge Neraas. Andreas A. Neraas, som nok var ein av dei beste skodespelarane Frihug har hatt, sat no i salen. Me hadde fått låne staven hans opp på scena, og under bruk gjekk staven mellom dei før omtala plankane, og gjekk tvers av. «Eg har no at skjefitet» (handtaket), sa han Andreas.

«**Meinhøve**» vart spela på morsfesten 14. februar 1932. Spelarar: A.B. Neraas, Karl Hjelvik, Andreas A. Neraas jr., Elisabeth Farkvam, Albert Klauset, Toralf Engås, Perdy Storvik og Torbjørg Misund.

«**Falsk underskrift**» i fire vendingar. Framsynt på medlemsfest i mars 1938. Spelarar: Martin A. Neraas, Gerd Lervaag, Gunvor P. Neraas, Kalle Larsen, Lina Larsen, Anders Inge Neraas og Louis Øveraas.

No kom krigen, og det går 10 år før me finn neste spelstykke:

«**No går det bra**» vart synt fram på medlemsfest den 27. november 1948, der medlemmar var innbedne, og på festmøte den 11. november, der Tomrefjord ul. og Solhov, Fiksdal var gjester. Spelarar: Ole Øveraas, Anders Lervaag, Ottar Vollen, Hildur Øveraas, Gerd Lervaag, Gunvor P. Neraas, Gunhild Øveraas.

«**Den glade enkemann**». Laurdag 15. mars 1952 vart det nye Ljosvang opna for bygdafolket, og spelstykket «Den glade enkemann» vart framsynt frå ei fast scene. Det var noko heilt anna enn å spele på lause plankar! Eit gammalt ønskje var oppfylt! Dette spelstykket vart og framsynt på Vestnes og Rekdal. Spelarar: Ole Øveraas, Hildur Øveraas, Inger Selnes og Anders Inge Neraas.

«**Kallane i Oladalen**». Spela på fest på Ljosvang 30. oktober 1954. Spelarar: Gerd Lervaag, Hildur Øveraas, Sivert Øveraas, Kristian Husby, Ole Øveraas og Anders Inge Neraas.

«**Gamlekarane på Storebø**» vart vist på 60-årsfesten, den 30. desember 1955. Då hadde laget fått fullt oppmåla scene. Spelarar: Inger Selnes, Hilmar Øveraas, Ole Øveraas og Anders Inge Neraas. I 1956 vart same spelstykket spela på gamlekarsfest heime, på songarfest på Vestnes, og i «Solhov», Fiksdal. Same spelarar.

«**Kvinnfolkjarta**» kom på bygdafesten 26. januar 1957. Spelarar: Bodil Neraas, Oddny Selnes, Kari Rødset, Einar Engås og Hans Petter Ulvestad.

«**Storskrøyt**» kom 17. mai 1957. Spelarar: Oddny Selnes, Kari Rødset, Einar Engås, Tormod Øvstigård, Inga Neraas og Oddny Neraas.

«**Liv og leven**» vart spela på leikfesten 15. desember 1957. Spelarar: Oddny Selnes, Bodil Neraas, Bjørn Misund, Anton Øveraas, Einar Engås, Inga Neraas og Oddny Neraas. Det vart og framsynt på bygdafest i romjula.

«**Falsk underskrift**» som vart spela i 1938, vart igjen spela på bygdafest i jula 1959. Spelarar no: Oddny Selnes, Jon Nedal, Kari Rødset, Einar Engås og Anders Inge Neraas. Einar Engås spela to roller.

«**Bodet frå åndeverka**» vart på grunn av stygt ver og masse snø først framsynt på «Trolltind», Tomra, i romjula 1961, og på bygdafest heime 6. januar 1962. Spelarar: Ole Øveraas, Emma Øveraas, Anton Øveraas, Louis Øveraas, Edith Øveraas, Oddny Neraas og Anders Inge Neraas.

«**Vegg i vegg**» spela på bygdafest 4. juledag 1962. Her finn me ikkje spelarar.

«**Det lagar seg nok**». Spela 17. mai 1963. Finn ikkje spelarar.

«**Fele-Jan**». Først spela på 60-årsfesten i Frihug 23. oktober 1965. Spelarar: Anton Øveraas, Reidun Hestenes, Eli Standal, Johan Øveraas, Einar Engås, Inga Neraas og Oddny Neraas. På Romsdalsstemna i RU 6.-7. august 1966 vart stykket spela av Anton Øveraas, Inge Engås, Einar Engås, Eli Standal, Gunhild Misund, Ivar Tomren, Inga Neraas og Oddny Neraas. Dette stykket fekk hederleg omtale i pressa.

«**Storpolitikk**» vart spela 17. mai 1965. Me finn ikkje spelarar.

«**Valsjau**». Spela i 1966. Spelarar: Ole Øveraas, Torill Øveraas, Hilmar Øverås, Einar Engås, Anders Inge Neraas.

«**Tidsmaskina**» spela 17. mai 1968. Spelarar: Anders Inge Neraas, Hildur Vollen, Ole Øveraas, Emma Øverås og Terje Øverås.

«**Formål ækteskab**» spela på bygdafest 29 desember 1968. Spelarar: Inge Engås, Oddbjørn Storstein, Oddbjørg Øveraas.

«**Pengemakta**» vart spela 17. mai 1969. Det vart og spela på Romsdalsstemnet på Nerås 16.8.1969. Spelarar: Anton Øverås, Mary Gjelstein, Ingebjørg Øvstigård, Knut Gjelsteinli, Inge Engås og Anders Inge Neraas.

«**Løn som fortent**» spela på julefesten 30. desember 1969. Spelarar: Inge Engås, Sissel Sanden, Else Marie Holm. Anders A. Neraas og Olav Neraas.

«**Liv og leven**» spela på 75-årsfesten i Frihug 28.12.1970. Framsynt i Måndalen. Spelarar: Inge Engås, Anders Neraas, Oddny Neraas, Torill Grønningseter, Oddmund Øvstigård, Einar Engås og Willy Solevågseide.

«**Giftegagne**» Spela 4.3.1972. Spelarar: Anders Neraas, Inge Engås, Torill Grønningseter, Hildegunn Øveraas, Elin Nerås.

6. juledag 1973: Skodespel.

«**Den glade enkjemann**». Framsyn 3 gonger i 1974. (2 gonger utanfor kommunen.) Spelarar: Einar Engås, Olav Neraas, Ingunn Øveraas, Ruth Angelshaug.

«**Hauk over hane**» spela jula 1974.

«**Valsjau**». Spela på 80-årsfesten i Frihug, og på avslutningsfest for Vestnes kommunestyre 1975. Spelarar: Mary Gjelsten, Anders Inge Neraas, Ole S. Øveraas, Einar Engås, Hilmar Øverås. Dette skodespelet må ha «slått godt an», det har vore spela fleire gonger i samband med kommuneval.

«**Den glade enkjemann**». Spela på 90-årsfesten i Frihug 16.12.1985. Også spela 12.12., og på Rekdal 14.12. Spelarar: Ruth Angelshaug, Ingunn Øveraas, Olav Neraas, Einar Engås.

«**God jul, granne!**» Spela i jula 1986. Spelarar: Ruth Angelshaug Øverås, Ingunn Øveraas, Hans Petter Vollen, Einar Engås.

«**Pengemakta**». Spela 23.5.1987 av Per Moen, Knut Eivind Nerås, Olav Neraas, Hans Petter Vollen, Helge Øverås, Ingunn Øveraas, Ruth Angelshaug Øverås.

«**Valsjau**». Spela i jula 1989, og på kurs som RU arrangerte på Nerås 10.3.1990. Spelarar: Hans Petter Vollen, Helge Øverås, Olav Neraas, Åse Gjelsteinli Vollen, Svein Misund.

«**Giftegagne**» spela i jula 1992, og på kulturdugnad på Idahall i februar 1993. Spelarar: Svein Peder Misund, Ruth Angelshaug Øverås, Olav Neraas, Ingunn Øveraas, Gerd Bente Øverås.

«**Agent Lureng**». Spela i jula 1993 av Hans Petter Vollen, Helge Øverås, Ruth Angelshaug Øverås, Hildur Nerås, Svein Peder Misund, Anders Nerås.

Andre lag i bygda.

Lag starta av Frihug.

Skyttarlaget.

Det første laget me høyrer om er skyttarlaget, starta i 1895 av «Samtalelaget» - sjå anna stad i denne oversikta. Laget gjekk heilt fram til 1915. Da vart det påstått at ei kule hadde «forskjøve» seg, og hamna i løveveggen hans Iva???????? Øveraas, der løa hans Nils Skavnes stend i dag. Stemplass var nedmed Kvitbergå!! Det er ufatteleg, men det vart slutt med skytinga. Lagsgeværa vart innlevert til lensmannen i Vestnes i 1940.

Det neste skyttarlaget var eit salong-skyttarlag som vart starta i 1924. Her vart det skote på 15 - 20 - 25 meters hald. Stemplassen var kjøkenet på Ljosvang. Dette laget gjekk heilt til krigen kom. Salonggeværa vart bortgøymd under krigen, og stend på eit loft den dag i dag. Skyttarlagsprotokollen fortel her mykje rart.

Idrettslaget.

Idrettslaget vart skipa av Frihug i 1937, med Hermann Øveraas som formann. Han greidde ut på eit seinare møte i ungdomslaget om kva laget arbeidde med. Men så kom krigen. Idretten måtte settast opp mot bygging av Ljosvang, og idrettslaget måtte nok vike plass her.

Andre lag i bygda.

I kassaboka for Frihug finn me første gongen desse laga har hatt kontakt med ungdomslaget:

1918 - 1. april: Øveraas og Neraas Kvindeforening - gave Kr. 25,00

1921 - 27. mai: Øveraas og Neraas Landmannslag - husleie Kr. 2,00

1923 - 1. juni: Sykeforeningen (seinare Øveraas Helselag) -husleie Kr. 15,00. (I eit møte seinare skulle laget ha huset fritt) Ikkje noko lag har gjort meir for Frihug, Ljosvang og bygda enn dette laget har gjort.

1924 Indremisjonsforeningen.

1932 Sjømannsforeningen.

Sang- og musikklag.

Første mannskoret vart starta av Frihug i 1928. Dirigent var Rakel Heggen. Dette koret gjekk til Gabriel Kjelsvik starta mannskor på Furland, og sangarane til Rakel Heggen vart med der. So kom krigen.

Ivar Opstad var ein sers dugande dirigent, og ei ildsjel når det galdt sang og musikk. Han starta mannskor, som på det meste hadde 34 medlemmar. Koret hadde øvingane på Ljosvang til huset vart stengt, sidan hadde dei øvingar i lærarbustaden. (At fru Heggen heldt ut med dette trakk er ufatteleg.) Her vart Ja, vi elsker dette landet og Kongesangen sunge utan blendingsgardiner - og med det tyske batteriet ca. 200 meter borte. Dette koret batt bygda godt saman. Folk frå alle stader i bygda var med. Heggen flytta knappenåler på kartet etter kvart der dei allierte gjekk fram. Han kjente sine korkameratar.

Etter krigen starta Ivar Opstad notekurs og musikklaget «Ekko». Seinare vart kor og korps leidd av lærar Bjarne Rødset i fleire år. Musikklaget har gledd oss 17. mai og på festar, og blir sikkert å høyre på 100-årsfesten.

Noko seinare vart det starta eit blandakor under organist Børset, men dette slutta då han reiste frå Vestnes.

Mannskoret si møtebok skal oppbevarast hos læraren i bygda. Dei andre laga som her er nemnt, og som ikkje er starta av Frihug, har nok sine møtebøker som kan fortelje om laget si søge.

Arkivet.

I 1928 vart Olav A. Neraas beden om å lage eit skåp for Frihug sitt arkiv. Skåpa vart laga med to rom. Eit rom vart for moro skuld kalla «Det helligste». Der vart det plassert ting som var ofte i bruk: Sangbøker, skriv av forskjellige slag, Norsk Ungdom og Unge Romsdal. I andre rommet- «Det aller helligste» - var skjøte, skylddelingspapir, lagsaviser, mødebøker, kassabøker og viktige brev plassert. Der låg også innføringsbøkene, bøker der innhaldet i skåpa var innført, og - godt innpakka - det gamle norske flagget (som me skal høyre om ein annan stad). Skåpa var plassert omtrent slik på gamle Ljosvang som maleriet av Nils Øveraas i dag er plassert på nye Ljosvang.

Var det ein liten formann, måtte han ha ein benk å stå på når han skulle låse opp skåpa. For «Det helligste» var det ein stor nøkkel, og for «Det aller helligste» ein noko mindre. På det nye Ljosvang vart skåpa sett i ei krå på scena, der ho stod til for ti år sidan. Då Inge Engås var formann i Frihug, tok han arkivet med heim, og oppbevarte det i ein eigen safe. Der er det framleis i sikre hender.

Som eit døme på kor dei gamle sette pris på arkivet, tek me med første revisjonsrapporten: «Søndag 12.1.1930 vart arkivet ettersett. Me fann alt som var innført i bøkene i orden, og alt for 1929 var innført. Gjenpart av årsmeldinga for 1928 mangla. Arkivet vart so overlevert til den nye formannen».

Malvin Øveraas. Andreas R. Neraas. (revisorar)

Æresmedlemmar i U.L. Frihug.

Som me ser, vart **Bjarte Rekdal** kåra som æresmedlem i Samtalelaget i 1895. Dette er eit døme på kor stor pris dei gamle sette på å ha læraren i bygda med i laget. Me kan seinare sjå alt han gjorde for Frihug.

Gjertrud Langstein vart utnevnt som æresmedlem på 80-årsfesten til Frihug - «og for sitt utrettelege arbeid for laget heilt frå 1920».

Gunvor og Anders Inge Neraas vart utnevnt til æresmedlemmar på bygdafest i jula 1978. Heilt frå Andreas Neraas i 1895 bad om at «gårdbrugerne aabnet sine huse til ungdommen at få holde dans to ganger aarligt», og til i dag, er det mange som har «aabnet sine huse» fram gjennom tida. Me får ta denne æra som eit bevis på at ungdomen set pris på at dei gamle stiller opp når det trengst.

Ottar Vollen vart utnevnt om æresmedlem på 95-årsfesten i Frihug 1990.

Formenn og styremedlemmar i Romsdal Ungdomssamlag frå U.L. Frihug.

Formenn:

Nils Øveraas 1936 - 1937.

Inge Engås 1972.

Styremedlemmar:

Nils S. Øveraas 1929 - 1931

Anders Inge Neraas 1946 - 1949

Ole S. Øveraas 1954 - 1956

Gudrun Neraas 1965 - 1967

Inge Engås 1969 - 1970

Formenn i U.L. Frihug.

Før 1917 var formann og styre valt for eit halvt år om gongen.

1894 John A.L. Øveraas
1895 Bjarte Rekdal
1896 John A.L. Øveraas
1897 Andreas A. Neraas
Ole Svensen
1898 Bjarte Rekdal
1899 Olav Seljevold
1900 Olav Seljevold
Andreas M. Neraas
1901 Olav Seljevold
1902 Olav Seljevold
1903 Peder J. Øveraas
Johan O. Øveraas
1904 Johan O. Øveraas
Tore Sesbøe
1905 Ingvald J. Øveraas
1906 Johan O. Øveraas
1907 Anders S. Øveraas
1908 Peder J. Øveraas
1909 Johan O. Øveraas
1910 Peder J. Øveraas
1914 Anders S. Øveraas
1915 Anders S. Øveraas
P.A. Neraas
1916 Anders S. Øveraas
1917 Olav A. Neraas
1918 Olav A. Neraas
1919 Andreas J. Øveraas
1920 Anders A. Neraas
1921 Anders A. Neraas
1922 Anders A. Neraas
1923 Anders A. Neraas
1924 Anders S. Øveraas
1925 P.A. Neraas
1926 Anders A. Neraas

1927 Ingvar O. Øveraas
1928 Nils S. Øveraas
1929 Anders A. Neraas
1930 Anders Inge Neraas
1931 Anders Inge Neraas
1932 A:B.A. Neraas
1933 Olav A. Neraas
1934 Ander Inge Neraas
1935 Anders A. Neraas
1936 Ander Inge Neraas
1937 Ingvald O. Øveraas
1938 Ander Inge Neraas
1939 Peder I. Neraas
1940 Olav A. Neraas
1941 Martin A. Neraas
1942 Peder I. Neraas
1945 Peder I. Neraas
1946 Hildur Øveraas
1947 Toralf Engås
1948 Ole S. Øveraas
1949 Ivar Johansen
1950 Hildur Øveraas
1951 Ole Øveraas
1952 Ole Øveraas
1953 Ole Øveraas
1954 Ole Øveraas
1955 Ole Misund
1956 Hildur Øveraas
1957 Anton Øverås
1958 Ole Misund
1959 Einar Engås
1960 Jon Nedal
1961 Inga Neraas
1962 Ole Misund
1963 Gudrun Neraas

1964 Gudrun Neraas
1965 Inge Engås
1966 Inge Engås
1967 Guttorm Kjelsvik
1968 Inge Engås
1969 Inge Engås
1970 Inge Engås
Willy Solevågseide
1971 Inge Engås
1972 Anders A. Neraas
1973 Guttorm Kjelsvik
1974 Ole Karsten Sanden
1975 Søren Johan Øveraas
1976 Olav A. Neraas
1977 Inge Engås
1978 Inge Engås
1979 Inge Engås
1980 Inge Engås
1981 Inge Engås
1982 Inge Engås
1983 Per Arne Nerås
1984 Per Arne Nerås
1985 Anders S. Øveraas
1986 Helge Øverås
1987 Ola Øveraas
1988 Per Moen
1989 Per Moen
1990 Hans Petter Vollen
1991 Hans Petter Vollen
1992 Geir Sandnes
1993 Geir Sandnes
1994 Geir Sandnes
1995 Geir Sandnes

Styret i Frihug i jubileumsåret 1995: Geir Sandnes, formann, Per Moen, nestformann, Tove Strand Rekdal, skrivar, Inge Engås, kasserar, Anders Jørn Neraas, styremedlem.